

Åheim skule

## Føring av fråvær i grunnskulen

Skulen vil med dette minne om ansvar som føresette har i høve til fråtrekk av fråvær på vitnemålet. (Sjå uthøva skrift i utdrag frå § 3-41 i Forskrifta til opplæringslova.)

### **§ 3-41. Føring av fråvær i grunnskolen**

Frå og med **8. årstrinnet** skal alt fråvær **førast på vitnemålet**. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

**Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet.** Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven legge fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet:

- a) dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar
- b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, **må eleven legge fram ei legeerklæring som dokumenterer dette**. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemmning eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.

O Endra ved forskrift 7 juli 2010 nr. 1081 (i kraft 1 aug 2010).  
nr. 982).

### **§ 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa**

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørger for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Med helsing

Bodil Holsvik  
Rektor



Telefon rektor: 700 30 381  
Telefon inspektør: 700 30 382  
Telefon pers.rom: 700 30 383  
Telefon rådgjevar: 700 30 387

Telefon SFO: 700 30 388  
Telefax: 700 30 389  
Epost: [bodil.holsvik@vanylven.kommune.no](mailto:bodil.holsvik@vanylven.kommune.no)  
Postadresse: 6146 ÅHEIM